

Fiskeriöklubb

Biskopstorp

22 NOV 1993

Elis 1



Fiskets Gang

Nr. 10 - 1993

161 / 159

Fiskets Gang



UTGITT AV FISKERIDIREKTORATET

79. ÅRGANG
NR. 10 – OKTOBER 1993

Utgis månedlig
ISSN 0015-3133

ANSV. REDAKTØR
Sigbjørn Lomelde
Kontorsjef

REDAKSJON:
Ronny Bertelsen
Olav Lekve
Dag Paulsen

Ekspedisjon/Annonser:
Esther-Margrethe Olson

Fiskets Gangs adresse:
Fiskeridirektoratet
Postboks 185, 5002 Bergen
Tlf.: 55 23 80 00

Trykt i offset
JOHN GRIEG A/S

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgirokonto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 200,- pr. år. Denne pris gjelder for Danmark, Finland, Island og Sverige. Bvrigt utland kr. 330,- pr. år. Utland med fly kr. 400,-. Fiskerifagstudenter kr. 100,-.

ANNONSEPRISER:

1/1 kr. 4.700,-
1/2 kr. 2.400,-
1/4 kr. 1.500,-

Eiler kr. 7,80 pr. spalte mm.

Tillegg for farger:
kr. 1.000,- pr. farge

VED ETTERTRYKK FRA
FISKETS GANG
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE

ISSN 0015-3133

«Kvalitetssikring» – eller Keiserens nye klær

Det er ikke bare i klesveien vi påvirkes av moter og trender. Ord og begreper kommer og går av minst like uforklarlige grunner. En daværende statsminister, nåværende fylkesmann, gjorde verbene «å forvente» og «å forme» til standardgloser for alle «oppegående» byråkrater og mediamennesker. I løpet av kort tid gikk alle rundt og forventet både ulykker og tragedier som neppe noen så fram til med forventning.

– Og de fleste som var «in», gikk over fra å ha meninger til å ha formeninger, hva nå det er for noe. Kanskje det er en slags mening man har før man har satt seg inn i saken og dermed har fått grunnlag for å ha en «ekte» mening?

Nå er det kvalitetssikring som rir oss alle som en mare. En hver bedrift eller organisasjon med respekt for seg selv bruker nå store deler av arbeidsdagen til å «kvalitetssikre» alt mellom himmel og jord i tykke bind. – Og så skal naturligvis alt revideres løpende, eller minst hvert halvår. Kvalitet er viktig. Få er uenig i det. Men alt dette konsulentinspirerte «kvalitetssikringsarbeide»

enn en dyrere og mer sirkuspreget variant av det arbeidet veldrevne organisasjoner alltid har gjort.

«Se, han er jo naken,» sa gutten da keiseren kom i sine nye klær. Da turde også de voksne si det de lenge hadde sett. Om de var flau for at de hadde talt de falske skreddere etter munnen, vites ikke. Alle vet jo at det er farlig å tale opinionslederne imot. I mellomtiden får man trøste seg med at Statoil visstnok har kvalitetssikret mineralvann. Jeg antar at brusen smaker bedre med medfølgende dokumentasjon.

Fra vegetaten klages det på at arbeidet med å «kvalitetssikre» møter, nå tar så mye tid (i møter), at en knapt får tid til å bygge veier eller andre lignende sekundæraktiviteter!

Dette er utvekster, vil noen hevde, og det føles lett å være enig. Men hva gjør man med disse og de mange, mange andre utvekstene som kunne vært nevnt?

Svaret må være: Nå må «kvalitetssikringsarbeidet» «kvalitetssikres»!

Det er sikkert nok av konsulenter som tar jobben.

Kontorsjef SIGBJØRN LOMELDE

INNHold – CONTENTS

Aktuell kommentar: <i>Current comment</i>	2
Kraftig økonomisk bedring for matfiskoppdrett i 1992 <i>Strong economic improvement for fishfarming in 1992</i>	4
«Skattelova tvingar oss til å flagga ut verksemda» <i>«The tax law forces us to move the firm abroad»</i>	6
Norway Foods: – Frå gullalder til fabrikkslakt <i>– From golden age to factory shut downs</i>	7
– Kommentarane <i>– The comments</i>	12
Fiskeribistand: Nye «Nansen» <i>The new «Nansen» research vessel</i>	16
Gode resultatler fra satellittforsøk <i>Satisfactory results from satellite experiment</i>	17
Island: Magre år for islandsk torskfiske <i>Poor prospects for icelandic cod fishery</i>	18
– Vi er vel etablert <i>– We are well established</i>	20
– Rein naud drev oss til Smuttholet <i>– Pure need forced us to «Smuttholet»</i>	22
Botn snart nådd? <i>Is the bottom soon reached?</i>	24
– Kontrollen må styrkes <i>– The inspection must be improved</i>	25
Norsk laks skal inn igjen på USA-markedet <i>Norwegian salmon must back in the US-market again</i>	26
Lodde i Barentshavet – ned for teljing? <i>Capelin in the Barents Sea – down and out?</i>	27
Ressurskontroll og sikkerhet på sjøen <i>Resource control and safety at sea</i>	29
Historikk: «Det var som fanden! Hvor er silden?» <i>History:</i> <i>«Damn it! Where is the Herring?»</i>	31
Nybygg, kjøp og salg <i>The norwegian fishing vessels market</i>	33
J-meldinger <i>Laws and regulations</i>	38
Lån og Løyve <i>New licenses</i>	39
Månedstatistikken <i>Statistics</i>	40

FGNR. 10
1993Forsidefoto:
(Foto: Olav Lekve)Redaksjonen
avsluttet
29. oktober 1993

Kraftig økonomisk bedring for matfiskoppdrett i 1992

Mer solgt fisk, bedre pris på fisken og lavere produksjonskostnader førte til at matfiskoppdrett ble mer lønnsomt i fjor sammenlignet med året før. Fra et negativt driftsresultat i 1991, fikk oppdretterne et pent driftsresultat i fjor, viser Fiskeridirektoratets lønnsomhetsundersøkelse.

1991 var et svart år for oppdrettsnæringen generelt. Noen oppdrettere tjente gode penger også dette året, men de fleste måtte finne seg i å gjøre opp regnskapet med mørkerøde tall under streken. Konkursen i Fiskeoppdretternes Salgslag i oktober samme år trakk med seg en rekke oppdrettere samme vei som salgslaget.

Bedre, men ikke godt nok

Det skulle derfor ikke så mye til for at lønnsomheten burde bli langt mer positiv i 1992. «Fiskeridirektoratets Lønnsomhetsundersøkelse for matfiskanlegg i 1992» har sett på regnskapene til 259 anlegg som driver utelukkende med matfiskoppdrett. I alt 547 anlegg slaktet matfisk i fjor, men undersøkelsen omfatter ikke kombinerte matfisk- og settefiskanlegg.

I 1991 fikk gjennomsnittlig hvert oppdrettsanlegg her i landet et resultat før ekstraordinære poster på minus en million kroner. I fjor ble dette redusert til minus 10 000 kroner.

Selv om det er for tidlig å snakke om 1993-tallene, ser det likevel ut til at den positive trenden fortsetter. Høyere priser, mindre svinn på grunn av sjukdom og ikke minst det stadig synkende rentenivået, kan forbedre resultatet for 1993 med flere hundre tusen kroner.

Kostbare kilo

Til tross for den kraftige forbedringen fra 1991 til i fjor, er det likevel ikke mange oppdrettere som kan gå i banken med noe overskudd. Til det er finanskostnadene for høye. Høye rentekostnader, kalkulert eierlønn, rente på egenkapitalen og avskrivninger, fører den gjennomsnittlige minusen for hvert anlegg opp i 182 000 kroner.

Er oppdretterne kostnadseffektive? I fjor kostet det i gjennomsnitt 28,11 kroner å produsere en kilo matfisk. Dette er 10 øre lavere enn året før. De fleste kostnader gikk noe opp fra 1991 til i fjor, men netto rentekostnader gikk så mye ned at det likevel ble billigere å produsere en kilo fisk.

Bedre priser

Med en gjennomsnittlig førstehåndspris på 29,73 kroner rund vekt ved not i 1992, tilsvarer dette en prisoppgang i forhold til året før på 6,5 prosent. Oppdretterne kan altså ikke klage på lav prisstigning på fisken.

Lars Liabø i analysebedriften Kontali A/S mener oppdretterne kan klare å produsere en kilo laks for godt under 20 kroner. Skulle kiloprisen da ligge stabilt på 30 kroner, blir det et pent overskudd å sette i banken. Og velfylte kontoer kan være greit å ha om næringen nok en gang får oppleve nedgangstider.

FG Ronny Bertelsen

Tabellen viser en del hovedresultater i gjennomsnitt pr. anlegg de tre siste årene.

		1990	1991	1992
Driftinntekter	kr.	7 343 889	7 541 938	8 611 741
Driftskostnader	kr.	6 873 495	7 767 562	7 874 529
Driftsresultat	kr.	470 394	- 225 624	737 212
Resultat før ekstraordinære poster	kr.	- 296 229	- 1 020 750	- 9 733
Rent overskudd	kr.	- 511 226	- 1 135 997	- 182 148
Lønnsevne pr. årsverk	kr.	69 801	- 94 081	181 764
Salg	kg	235 285	259 327	271 797
Produksjon	kg	232 243	241 519	267 400
Produksjon pr. m ³	kg	21.8	22.4	20.1
Produksjon pr. årsverk	kg	58 061	65 275	70 368
Antall årsverk		4.0	3.7	3.8
Antall anlegg i utvalget	stk.	278	241	259

Tabellen viser hva det kostet å produsere en kilo matfisk i fjor fra 1990 til i fjor.

		1990	1991	1992
Smolt-/settefiskkostnad	kr.	5.05	4.79	4.80
Fôrkostnad	kr.	12.98	11.78	11.96
Forsikringskostnad	kr.	1.12	0.94	0.82
Lønnskostnad	kr.	3.31	3.18	3.19
Andre driftskostnader	kr.	3.16	4.23	4.55
Rentekostnader (netto)	kr.	3.30	3.29	2.79
PRODUKSJONSKOSTNAD PR. KG	kr.	28.92	28.21	28.11
Etstatninger (-)	kr.	1.22	0.76	0.77
Tap på fordringer	kr.	0.15	2.11	0.13
Kalkulatorsik eierlønn	kr.	0.10	0.08	0.06
Kalk. rente på egenkap.	kr.	0.87	0.81	1.03
Kalk. avskrivninger	kr.	1.30	0.96	0.76
Slakte-/pakkekostnad	kr.	1.43	1.80	1.99
Fraktkostnad	kr.	0.54	0.59	0.39
SUM	kr.	32.09	33.80	31.70

Tabellen viser fylkesvis utvikling i produksjonskostnad i gjennomsnitt pr. anlegg og antall anlegg i undersøkelsen.

	1990		1991		1992		
	Kroner	Ant. anl.	Kroner	Ant. anl.	Kroner	Ant. anl.	Anlegg m/slakt
Finnmark/Troms	30.19	28	26.47	28	25.93	33	66
Nordland	36.89	41	27.00	31	26.98	32	85
Nord-Trøndelag	31.88	34	37.46	17	27.50	16	33
Sør-Trøndelag	31.79	23	29.43	23	29.75	23	44
Mør og Romsdal	29.99	42	28.74	41	35.59	36	73
Sogn og Fjordane	25.77	28	29.49	27	26.91	37	54
Hordaland	29.52	53	27.28	45	25.66	50	110
Rogaland og Skagerrakkysten	26.88	29	27.05	29	29.89	32	82

ABONNÉR
PÅ FISKETS GANG

«Skattelova tvingar oss til å flagga ut verksemda»

RADØY: – Skattelova vår inneber at pengane vi treng til å byggja opp verksemda til å tola nedgangstider, forsvinn i statskassa. Då vert det konkurransar når prisane er dårlege. Legg ikkje styresmaktene om skattepolitikken, er eg freista til å flagga ut verksemda, seier oppdrettar Tore Kvalheim.



Fiskeoppdrettar Tore Kvalheim i Radøy kommune i Nordhordland meiner styresmaktene må leggja om skattepolitikken på ein slik måte at verksemdene i landet lettare kan skapa trygge og solide arbeidsplassar.

Det familiedrivne oppdrettsanlegget til Kvalheimfamilien ligg idyllisk til nordvest på Radøy i Nordhordland. Det var faren til Tore, Martinus Kvalheim som starta anlegget for vel 30 år sidan. Sidan den tid har han sakte, men sikkert bygd opp ei oppdrettsverksemd til å stå trygt både økonomisk og kvalitetsmessig.

Frå Canada til Radøy

For to–tre år sidan fekk Martinus dårlegare helse, og sonen Tore tok med seg familien og reiste frå Canada, der han dreiv med lakseoppdrett. Men etter nokre år som oppdrettar her i landet byrjar han å verta lei av å slita utan at slitet gjenspeglar seg i bankboka.

Kvalheim er lei av statssugerøyret som kvart år stikk seg djupare og djupare ned i pengekassa i verksemda. Som dei fleste andre oppdrettarane fekk også han minus i rekneskapen i fjor. Men etter mange gode år har anlegget samla seg opp reserver som er gode å ha i dårlege år.

Betre vilkår i Canada

Det kan høyrast ut som ein ufarleg trussel teken rett ut frå lufta når Tore Kvalheim kunne tenkja seg å flagga ut. Sjølv om han truleg berre leikar med tanken, kan det raskt verta ein realitet. Han har nemleg ei «sovande» oppdrettsverksemd i Canada.

– Styresmaktene snakkar om at arbeid til alle er jobb nummer ein. Korleis skal dei greia det med den skattepolitikken. I Canada var tilhøva lagt svært godt skattepolitisk til rette for å skapa arbeidsplassar. Ein fekk intrykk av at dei gjorde det dei kunne for verksemdene i landet. Det var mykje betre vilkår for å byggja opp reserver og dermed skapa ei solid og trygg verksemd som kunne tola ein trøkk i nedgangstider. Styresmaktene her i landet stikk av med så mykje av overskotet i ei verksemd at det berre skal mindre marknadsendingar til før skifteretten er neste stopp, sier Kvalheim.

Andre frustrerte

– Er det fleire oppdrettarar som kunne tenkja seg å selja anlegget?

– Eg har snakka med fleire oppdrettarar som kunne tenkja seg å selja anlegget til utlendingar og sjølv berre halda fram som dagleg leiar. Eg tvilar på at oppdrettarane er dei einaste som er lei av at Staten stikk av med pengar som skulle vore brukte til å byggja opp verksemda, sier Tore Kvalheim.

– La oss sjå det i litt perspektiv: Bøndane får milliard-overføringar fordi det er viktig at vi produserer mat her i landet. Fiskeoppdrettarane produserer også mat, men vi får ikkje fem øre i overføringar. Laks er vel like viktig mat som svin? Det er i alle høve sunnare, seier Tore Kvalheim og rister på hovudet.

Anlegg seld til tysk verksemd

Etter at Fiskets Gang var i kontakt med Kvalheim viser det seg at fleire vestlandsoppdrettarar faktisk har seld anlegget sitt. For nokre veker sidan vart det kjend at ei tysk verksemd har kjøpt fem oppdrettsanlegg på Vestlandet.

NORWAY FOODS LTD. A/S:

Frå gullalder til fabrikkslakt

FG

NR. 10
1993

● I velmaktsgangane midt på 1980-talet hadde Norway Foods ein årleg omsetnad på 450 millionar kroner og eit resultat på 11 millionar kroner. 11 fabrikkar produserte årleg 70 millionar boksar sardinar, og konsernet hadde totalt 1050 tilsette innanlands og 300 tilsette utanlands. Norway Foods-leiinga spådde at omsetnaden fram til 1993 vart nærmare tredobla.

● I dag er det fire fabrikkar og 280 tilsette tilbake, medrekna Fedjefabrikken der dei tilsette no er permittert. Omsetnaden i fjor var 238 millionar kroner. For første gong på seks år vart det pluss i driftsrekneskapen.

● Fiskets Gang har sett nærmare på bakgrunnen for danninga av Norway Foods, utviklinga fram til i dag og kva som har hendt med eit par av lokalsamfunna som mista ein av dei største arbeidsplassane sine då sardin-fabrikken vart lagt ned. Og kva meiner stortingspolitikarane, som i 1981 ga Norway Foods sardin-monopol og 85 millionar kroner i direkte og indirekte støtte, om utviklinga? Skulle Norway Foods vore slått konkurs av styresmakterne, slik at andre kunne få prøvd seg og arbeidsplassar kanskje vore redda?

Danninga av Norway Foods

Frå midten av 1950-talet og i løpet av dei neste tjuve åra vart talet på sardin-fabrikkar redusert frå 174 til 20. For å stoppa masseslakten av sardin-industrien vedtok Stortinget i 1981 – etter råd frå næringa sjølv – å slå saman sardin-næringa i eitt slagkraftig selskap: Norway Foods Ltd. A/S, som fekk 10 års sardin-monopol. Finansdepartementet uttrykte i høyringa at dei var skeptiske til statleg støtte utover dei støtteordningar som mellom anna Industrifondet hadde.



Norway Foods-fabrikken i Askvoll er den fabrikk som sist vart lagt ned. Askvoll kommune prøver å få ny drift i fabrikk. Greier dei ikkje det, vil fabrikk forfalla.

Aksjonærane

Norway Foods har ein aksjekapital på 30 millionar kroner. Dei tre største aksjonærane er Sildinvest A/S (31,84 prosent), Bergesen d.y. (30,13 prosent) og Holmestrand Sardine Co. (30,01 prosent). Resten er fordelt på Norges Råfisklag (3,19 prosent), Central Canning Co. A/S (2,53 prosent), Firda Canning Co. A/S (1,05 prosent), Stavanger Packing Co. A/S (0,63 prosent) og A/S Ocean Packing/Atlantic (0,62 prosent).

Styret

Styreform.: Jørn Krog (Sildinvest)
Viseform.: Gunnar Osmundsvaag (Bergesen d.y.)
Medl.: Johan Svele (Holmestrand Sardine Co.) – Harald Pedersen (nøytral) – Thor Mowinckel (nøytral) – Margit Instefjord (ansatt) – Ottar Heggø (ansatt)
Adm. dir.: Frode H. Nilsen

FG

Norway Foods-reportasjene:
Ronny Bertelsen

Fekk monopol og 85 millionar kroner

I 1981 sa Stortinget ja til å gje Norway Foods monopol på produksjon av brisling-hermetikk og løyvde samstundes 85 millionar kroner. Målet var å styrka næringa og skapa trygge arbeidsplassar. Fram til 1993 har Norway Foods lagt ned 13 fabrikkar, 1400 har mista jobben og fleire lokalsamfunn har mista sin største private arbeidsgjevar. Kva gjekk gale?



I den tidlegare Norway Foods-fabrikken i Mastrevik produseres det no kattemat.

Statistikken over tallet på sardin-fabrikkar dei siste førti åra her i landet er nedslåande lesing. I 1950-åra var det totalt 174 fabrikkar, tjuve år seinare var det berre om lag tjuve att.

Tiltak nødvendig

Dette var bakgrunnen for at styresmaktene mot slutten av 70-åra kom med ei stortingsmelding om sardin-industrien, ei melding som danna grunnlag for Stortingsproposisjon nr. 173 – Om tiltak for å styrke fiskehermetikkindustrien og etablering av Norway Foods Ltd. A/S i 1981.

Stortinget handsama saka den 10. juni, og den 1. november 1981 vart Norway Foods Ltd. A/S etablert ved at i alt 14 sjølvstendige selskap gjekk saman og overførte alle driftsmidler til Norway Foods.

I tillegg til fabrikkar som produserte andre varar enn sardin-boksar, hadde Norway Foods også salselskap i både USA og Australia. I Noreg hadde selskapet 11 sardinfabrikkar og og totalt 1700 tilsette.

Stor statleg medverknad

Medverkinga frå Staten var omfattande. Ikkje berre sa Stortinget ja til å oppretta eit monopol. Den økonomiske medverkinga må særleg seiast å vera omfattande. Alle likviditetsslån gjevne til selskapa som gjekk inn i Norway Foods i perioden 1971 – 76 vedtok Stortinget å sletta. Dette utgjorde knappe 20 millionar kroner.

Stortinget løyvde også vel 31 millionar kroner i ulike tilskot. I tillegg ga Stortinget ein statsgaranti for driftskapitallån til Norway Foods på inntil 34 millionar kroner. Ein total statleg støtte på 85 millionar kroner.

Idéen om å samla heile sardin-industrien i eitt selskap for å styrka marknadsføringa, salet og arbeidsplassane var i utgangspunktet svært god. Først og framst var dette eit ønskje frå næringa sjølv, men samtlege høyringsinstansar var positive til monopoliseringa. Også politikarane meinte dette var den beste måten å styrka sardin-industrien på. Sjøfarts- og fiskerinemnda på Stortinget leverte ei samrøystes innstilling i saka.

Politikarane einige, men...

Alle partia var einige om at det var naudsynt at sardin-industrien slo seg saman i eitt slagkraftig selskap. Men frå talarstolen på Stortinget var det berre eitt parti som var ein tanke skeptisk til ei slik monopoletablering. Anders Talleraas sa frå talarstolen at Høgre er reservert mot ei så sterk monopolisering. I tillegg åtvare han Stortinget mot å kanalisera alle verkemiddel og tiltak for å styrka fiskehermetikkindustrien gjennom Norway Foods. Det ville verta ein for sterk pressfaktor for å få all slik industri inn under Norway Foods.

Gudmund Grytøyr Frå Arbeidarpartiet gjekk så langt i sin tale i saka som til å seia at «.. de midler vi i dag bevilger, meget vel kan vise seg å være blant de best anvendte midler som overhodet er brukt innen denne næring.»

Spådde milliardomsetnad og millionoverskot

I 1985 omsette Norway Foods for 450 millionar kroner og spådde at dei i 1990 ville passera ein omsetnad på ein milliard og få eit overskot på fleire titals millionar kroner. Og veksten ville berre auka og auka.

I ein skrytebrosjyre Norway Foods utga i 1985 går det fram at hovedmålsettingane først og fremst var monaleg vekst, dobling av omsetnaden i løpet av fem år og skapa ein større breidde i produktutvalet.

Selskapet hadde svært stor tru på at den sterke marknadsposisjonen dei hadde ville gje utslag i omsetnadstala. Gulltidene i oppdrettsnæringa midt på -80-talet ønskja også Norway Foods å ta del i, og engasjerte seg også i denne bransjen.

Då produksjonen var på topp om lag midt på -80-talet, produserte Norway Foods ca. 700.000 kassar – 70 millionar boksar – sardinar årleg. Eksporten utgjorde 80 prosent av omsetnaden. Den viktigaste marknaden var USA, som i 1985 importerte 40 millionar boksar sardinar frå Noreg.

Det enorme fallet

Men spådommane om milliard-omsetnad skulle ikkje slå til. I 1985 trudde dei færreste at omsetnaden i 1992 i staden skulle enda på 238 millionar kroner.

Korleis kunne analysane av marknadsutsiktene verta ein så total skivebom? I dag er talet på fabrikkar i normal drift 3, medan fabrikkene på Fedje den siste tida har hatt halv produksjon. Frå 1. november er dei tilsette ved fabrikkene permittert. Totalt er talet på tilsette redusert til 280 og produksjonen er redusert til 300.000 kassar. Kva hende med marknaden?

I 1986 mista Norway Foods to store kundar. FNs Matvareprogram og Sør-Afrika kjøpte årleg 300.000 kassar sardinar. Men då Staten valde å satsa på makrell og det vart innført handelsboikott av Sør-Afrika, mista Norway Foods ein marknad som tilsva- ra nesten halve produksjonen.

Dødsdom over ein fabrikk årleg

I samband med boikotten av Sør-Afrika utvida styresmaktene garantiansvaret og spytta inn 17 millionar kroner til omstillingstiltak. I tillegg bidro kommunane der Norway Foods hadde fabrikkar med midlar for å halda liv i fabrikkene.

Men Norway Foods greidde ikkje å omstilla seg. Minus-tala vart berre større og større, og verksemda meinte dei ikkje hadde anna val enn å leggja ned fabrikkar for å tilpassa seg utviklinga. Sidan 1986 har Norway Foods lagt ned om lag ein fabrikk årleg.



Å leggja ned sardinar i boksar er ei arbeidsintensiv næring. Difor vert kostnadane høge. Ved å leggja ned fabrikkar sparar Norway Foods store lønskostnader. Her frå produksjonen ved fabrikkene på Davanger.

I dag er det full drift ved fabrikkene i Eikelandsosen, Davanger og Skånevik, medan Fedje-fabrikkene har ein usikker lagnad.

Norway Foods har forklart alle fabrikk-nedleggingar med at dei har «tilpassa kapasiteten til salsvolumet».

År	Omsetnad	Resultat
1982	350 mill.	- 38 mill.
1983	395 mill.	- 11 mill.
1984	443 mill.	6 mill.
1985	450 mill.	8 mill.
1986	453 mill.	11 mill.
1987	488 mill.	- 7 mill.
1988	500 mill.	- 16 mill.
1989	516 mill.	- 12 mill.
1990	536 mill.	- 12 mill.
1991	302 mill.	- 9 mill.
1992	238 mill.	9 mill.

Tabellen viser omsetnad for heile Norway Foods-konsernet sidan starten og fram til i fjor. Tala for resultatet er før ekstraordinære postar. Alle tal er runda av til heile millionar kroner.

Store arbeidsplassar i små lokalsamfunn

Høg arbeidsløyse, avfolking og lågare skatteinntekter. Verknadane av at eit lite lokalsamfunn misser ein stor arbeidsplass er alvorlege. Frå 1. november er dei 55 tilsette ved fabrikk på Fedje permittert. Ein katastrofe for lilleputt-kommunen.



Austrheim-ordførar Ole Lysø har god grunn til å smila. Det kommunalt eigde Austrheim Næringssselskap fekk kjøpa den tidlegare Norway Foods-fabrikk i Mastrevik for å leiga han ut til Norway Canning Co. A/S, som produserer kattermat. Dermed vart det ny drift og nye arbeidsplassar ved fabrikk som vart lagt for om lag tre år sidan.

Både Austrheim og Askvoll kommunar, to av dei sist mista ein Norway Foods-fabrikk, slit i dag med arbeidsløyse noko over gjennomsnittet. Men om Fedje-fabrikk vert lagt ned, slik Norway Foods-styret har vedteke, får Fedje kommune rekordhøg arbeidsløyse og dramatisk svikt i skatteinntektene.

25 prosent arbeidsløyse

Det bur i dag 700 personar på Fedje. Talet på heilt arbeidslause er 31, medan om lag like mange er på tiltak. Frå 1. november vert med andre ord talet på heilt arbeidslause i kommunen meir enn dobla. Arbeidsløysa vil koma opp i 25 prosent. Få kommunar vil ha høgare arbeidsløyse enn Fedje.

– Eg har tru på at fabrikk kjem i drift att, men det er likevel katastrofe for ein så liten kommune å over natta få 55 nye utan arbeid. Eg har rekna ut at dette tilsvarer at Bergen kommune over natta skulle mista ein arbeidsplass med 14 000 tilsette, seier Fedje-ordførar Erling Walderhaug.

– Ikkje flinke nok

Walderhaug er forsiktig med å kritisera Norway Foods. Råstoff-mangel og omsetningsproblem må ta ein del av skulda for den negative utviklinga. Men han understreker at Norway Foods ikkje har vore flinke nok seljarar og marknadsførarar.

– Det har betra seg dei siste to åra, men tidlegare var dei for passive. Det eg reagerer på i dag er kvifor dei brukar Fedje-fabrikk som salderingsfabrikk? Ingen produserer ein kasse sardin-boksar meir kostnadseffektivt enn Fedje-fabrikk. Dei er vel trygge på at dei til einkvar tid raskt kan starta opp att produksjonen. 55 personar får ikkje jobb over dagen i ein kommune som Fedje. Men fabrikk kjem i drift att. Marknadsutsiktene ser lyse ut. Eg er optimist, seier Walderhaug.

Austrheim kjempa

Eit lokalsamfunn som nærmast satt ribba tilbake etter eit nedleggingsvedtak i Norway Foods i 1990, var Mastrevik i Austrheim kommune i Nordhordland. Fabrikk i Mastrevik hadde 55 heil- og deltidstilsette. I ein kommune med om lag 2500 innbyggjarar var Norway Foods med andre ord ein viktig arbeidsgjevar.

Men Austrheim kommune nekta å berre sjå på at ein stor arbeidsplass forsvann over natta. Det kommunale selskapet Austrheim Næringssselskap vart koplå inn for å prøve å sikra vidare drift alt fleire månedar før fabrikk skulle leggjast ned. Anten i samarbeid med Norway Foods eller starta produksjon av noko anna enn brisling.

Ein sentral aktør i kampen for vidare drift var Ole Lysø, som i dag er ordførar for Arbeidarpartiet i kommunen. Som mangeårig politikar og svært samfunnsengasjert person, brukte han heile sin politiske tyngde, krydra med med monalege mengder diplomati og forhandlingsteknikk overfor både Norway Foods og andre interessenter. Det vart vanskelegare enn han hadde venta.

Fleire års kamp

– Det vi først og framst kjempa for var vidare brisling-produksjon i Norway Foods-regi. Det gjekk ikkje. Norway Foods ønskja heller ikkje at andre skulle starta opp att brisling-produksjonen, sjølv om vi tilbydde oss å samarbeida med dei. Dei viste til at om dei skulle selja fabrikk, ville dei setja som vilkår at det ikkje skulle produserast brisling-boksar i fabrikk, seier Lysø.

Så vart det å finna andre varar å produsera. Men

det skulle gå tre år før det omsider vart drift i fabrikk. I dag går kattermat-produksjonen for full rulle. Ole Lysø har lite lyst å seia så mykje om dei negative røynslene med Norway Foods. Han vil gjerne ha eit godt forhold til dei. Men han strekk seg så langt som til å seia at verksemda har vore vanskeleg å samarbeida med.

– Vanskelege forhandlarar

– Det har vore vanskeleg å få Norway Foods-leiinga med oss i planane om å starta opp ny drift. Eit døme kom då vi sa oss interesserte i å kjøpa fabrikk. Norway Foods sette prisen til 6 millionar kroner. Ein heilt urimeleg pris for fabrikk. Men vi fekk til slutt pruta prisen ned til om lag 2,3 millionar kroner. Men det var ikkje utan kamp, seier Lysø.

Austrheim Næringssselskap kjøpte fabrikk og leiger i dag ut til det private selskapet Norway Canning Co. A/S, som produserer kattermat. Produksjonen kom i gang for om lag to månadar sidan, og dei har alt fått ein avtale med fm-kjeden, som skal selja kattermaten.

Bitter Askvoll-ordførar

Den siste kommunen som mista sardin-fabrikk var Askvoll. Som i Austrheim kjempa både politikarar og kommuneadministrasjon for å halda liv i fabrikk. Dåverande ordførar, no stortingsrepresentant for Senterpartiet, Jorunn Ringstad, har ikkje mykje positivt å seia om Norway Foods som arbeidsgjevar og bedriftseigar.

– Eg kan kort oppsummera røynslene mine med Norway Foods på denne måten: Strykkarakter både som arbeidsgjevar og seljar.

– Som arbeidsgjevar ga dei ingen informasjon eller forvarsel om nedlegginga. Oppseiingstida var i utgangspunktet svært kort, men vi fekk utsett ho noko.

– Som seljar greidde ikkje Norway Foods å utnytte sals- og marknadsføringsapparatet på ein skikkeleg måte. Det må vera noko som ikkje stemmer når folk ringer til meg og seier dei har leita i fleire butikkar etter norske sardinar, utan å finna nokon. Eg kan berre konkludera med at Norway Foods misbrukte monopollet dei fekk, seier Jorunn Ringstad engasjert til FG.

Skulle stilt krav

– Kva kunne vore gjort annleis når Norway Foods fekk monopol?

– Det er lett å vera etterpåklok, men det er ein nyttig klokskap. Då Norway Foods fekk både monopol og store statsløyvingar, vart det sagt at målet var å oppretthalda arbeidsplassane. Diverre vart ikkje dette punktet juridisk bindande. Om Norway Foods hadde fått krav til korleis dei skulle forvalte monopollet, kunne kanskje fabrikkar vore redda, meiner Ringstad.

– Kva konsekvensar fekk nedlegginga for Askvoll kommune?

– Den mest alvorlege er utan tvil tapet av arbeidsplassane. Men også tapet av sårt trengte skattekro-

ner var også lite ønskeleg. Kommunen måtte sjølv-sagt redusera aktiviteten som følgje av dei tapte skatteinntektene. Ein del av dei som mista jobben, flytta til ein stad dei kunne få ny jobb. I dag har faktisk Askvoll kommune høg arbeidsløyse om ein samanliknar med dei andre kommunane i Sogn og Fjordane. Å mista ein arbeidsplass med 70 tilsette vart dramatisk for ein så liten kommune som Askvoll, seier Jorunn Ringstad.



Det er den høge kvaliteten på råstoffet og røykemethoden som gjer at etterspurnaden etter dei norske sardinboksane er høg, trass i at dei kostar mykje meir enn sardinar frå lågkostland.

– Kom med rapporten!

Ringstad er mellom dei som ventar i spaning på rapporten om sardin-industriens framtid, som folk ved Norges Handelshøgskule jobbar med. Ho fryktar at rapporten, som skulle vore klar for fleire månadar sidan, kjem for seint. Askvoll kommune har nemleg ein avtale med Norway Foods som seier at fabrikk skal stå urørt fram til 1,1 neste år.

– Fiskeridepartementet, som er oppdragsgjevar, har ikkje gjort nok for at rapporten skal verta ferdig. Eg vonar den førebelse rapporten som kjem i november er eit godt nok grunnlag for å skapa ny drift ved Askvoll-fabrikk, seier Ringstad.

Satsar på fiskeri

Fiskerirettleiar Eivind Aarseth i Askvoll opplyser til Fiskets Gang at kommunen har løyvd om lag 50.000 kroner for å analysera om det kan verta lønsamt å driva ferskfiskmottak ved fabrikk.

– Den nye nærings sjefen i kommunen ønskjer å satsa sterkt på fiskeri, så eg vert ikkje overraska om vi greier å skapa nytt liv i fabrikk, seier Aarseth optimistisk.

Men sjølv om analysen skulle verta positiv, kan det største problemet verta å få kjøpt fabrikk for ein sum Norway Foods og kommunen «kan leva med».

– Burde vore slått konkurs for fleire år sidan

– Om eg skal vera etterpåklok, vil eg seia at styresmaktene burde slått Norway Foods konkurs for fleire år sidan og sørga for at andre fekk prøva seg, seier forbundssekretær Torbjørn Dahl i Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund til Fiskets Gang.



Dahl, som er påtroppande leiar i forbundet, understreker at han er etterpåklok når han seier at styresmaktene, som hadde så stor pant i Norway Foods, kunne avvikla selskapet kva tid dei ville.

– Gjorde for mange feil

– Norway Foods-leiinga gjorde for mange feil. Dei kasta seg på laksebølgja like før det gjekk gale, dei

selde Skottland-fabrikken til den argaste konkurrenten og dei selde varemerket Bjelands, som må seiast å vera arvesølvet i hermetikk-industrien, seier Dahl.

Han nemner også ein viktig forutsetnad under sjølve danninga av Norway Foods: Ingen av dei dåverande leiarane skulle leia Norway Foods, det skulle hentast inn «friske» folk til toppleiinga. Men det motsette vart realiteten. Johan Svele i Holmestrand Sardine Co. vart adm.direktør, medan dei andre leiarpostane vart fylte opp av leiarane i dei andre eigarverksemdene.

– Så trakk alle i kvar si retning. Om det vart brukt for mykje tid på intern tautrekking, som igjen gjekk ut over drifta, vil eg nødig uttala meg for mykje om. Men eg har inntrykk av at Norway Foods har vore passive i marknadsarbeidet, seier Dahl.

Ventar på rapporten

Som mange andre som er opptekne av sardin-industrien si framtid ventar også Torbjørn Dahl på rapporten frå Norges Handelshøgskole om marknadsutsiktene for sardin-industrien. Ein rapport han har venta lenge på.

– No må Fiskeridepartementet, som er oppdrags-gjevar, ta NHH-folka i nakken for å få ferdig denne rapporten. Før den er ferdig tør neppe noen å gå igang med ny sardin-industri, seier Torbjørn Dahl i NNN.

– Følgde ikkje intensjonane

– Å danna eit selskap som skulle ta seg av sal og marknadsføring var ein svært god idé. Men Norway Foods forvalta monolet så dårleg at det måtte gå gale, seier tidlegare stortingsrepresentant Gudmund Grytøyr til FG.

Abeidarpartirepresentanten sat i 1981 i Sjøfarts- og fiskerikomiteén på Stortinget. Han meinte dei statlege løyvingane til Norway Foods ville vera ei svært god investering for Staten.

– Norway Foods var naudsynt

– Du meiner vel noko anna i dag, Grytøyr?
 – Nei, det gjer eg sjølv sagt ikkje. Eg meinte den

gang, og meiner framleis, at sardin-industrien måtte danna eit felles sals- og marknadsførings-selskap om dei ønskja å overleva og skapa ny vekst for næringa. Eg sa frå talarstolen at pengane vi løyvde truleg ville verta ein av dei beste investeringane i ei næring Staten har gjort. Hadde Norway Foods forvalta pengane og monolet på ein skikkeleg måte, og brukt sals- og marknadsføringsapparatet rett, ville det vore ein god investering for Staten, seier Grytøyr til Fiskets Gang.

– Men marknaden for sardin-hermetikk var laber?

– Ja, var han det? Eg er ikkje i tvil om at det ikkje

Fiskeridepartementet vil ikkje kritisera



Statssekretær Ottar Kaldhol i Fiskeridepartementet ønskjer ikkje å kritisera Norway Foods for å lagt ned sju fabrikkar i løpet av få år.

– Så lenge Norway Foods seier fabrikk–nedleggingane er gjort på forretningsmessig grunnlag, finn eg liten grunn til å kritisera selskapet, seier statssekretær Ottar Kaldhol i Fiskeridepartementet.

Fleire FG har vore i kontakt med skuldar Fiskeridepartementet for berre å ha passivt sett på at Norway Foods har lagt ned den eine fabrikk etter den andre. Kaldhol avviser denne kritikken, og legg til at departementet gjer noko no.

– Vi har trass alt – i samarbeid med til dømes LO og Norway Foods – tinga ein rapport om marknaden for sardinar, seier Kaldhol.

Har etterlyst rapporten

Kaldhol opplyser at NHH ikkje fekk nokon tidsfrist, men han understrekar at han fleire gonger pr. telefon har vore i kontakt med NHH for å etterlysa rapporten.

– Askvoll kommune har avtale med Norway Foods om at selskapet ikkje skal røra fabrikk før etter nyttår. Skjønar du at kommunen byrjar å verta svært utålmodig?

– Sjølv sagt gjer eg det, men eg har råda kommunen til å planlegga i to spor: At rapporten seier det er så stor marknad for norske sardinar at det er trong for auka produksjon, og at rapporten seier det motsette, seier Kaldhol.

Kunne vore tinga tidlegare

På spørsmål om ikkje rapporten vart tinga fleire seinare enn det var trong for han, må Kaldhol seia seg einig.

– Du kan kanskje seia at rapporten kunne vore tinga for fleire år sidan, men han vart altså tinga no. Og om eit par veker har NHH lova å koma med ein delrapport, opplyser Kaldhol.

burde vore noko problem for Norway Foods å selja den førsteklasses varen dei produserte på ein enorm verdsmarknad, slår Grytøyr Fast.

– Skulle følgjast opp

– Men kvifor kom de ikkje med krav til Norway Foods?

– Det er rett at Norway Foods ikkje fekk nokon formelle krav til å til dømes oppretthalda arbeidsplas-

sane, men frå Stortinget si side sa vi at Norway Foods skulle følgjast opp av styresmaktene. Så eg vil hevda at Fiskeridepartementet må ta sin del av skulda for at Norway Foods fekk leggja ned den eine fabrikk etter den andre utan at Fiskeridepartementet såg på saka, seier Grytøyr.

– Er du bitter i dag?

– Ja, eg må medgje at den måten Norway Foods forvalta pengane og monolet gjorde stortingsvedtaket i 1981 til eit meningslaust vedtak, hevdar Gudmund Grytøyr.

– Norway Foods må stå på egne bein

– Norway Foods må sørga for å driva økonomisk sjølvstendig. Dei nedleggings-vedtaka som er gjort går eg ut frå har vore naudsynte sett på bakgrunn av at dei må driva økonomisk, seier stortingsrepresentant Anders Talleraas.



Anders Talleraas, som i 1981 sa ja til å gje Norway Foods pengar og sardin-monopol, meiner Norway Foods må ha lov til å gjennomføra tiltak for å driva lønsamt.

I 1981 var Talleraas med på å stemma for danninga av Norway Foods, sjølv om han frå talarstolen understreka at Høgre generelt er skeptisk til monopolverksemdar.

– Den negative utviklinga i sardin-industrien før 1981 måtte stopppast. Det var alle einige i. Høgre valde å leggja vekt på rådet frå næringa sjølv, nemleg å slå saman verksemdene i eitt selskap, forklarar Talleraas.

Vil ikkje kritisera

Talleraas er svært forsiktig med å kritisera Norway Foods for å ikkje ha forvalta monopoliet slik at arbeidsplassane vart trygge, og kanskje også makta å skapa fleire.

– Eg veit for lite om kva Norway Foods har gjort og ikkje gjort, men truleg ligg noko av årsakene i at det på -80-talet var ein stor realrente, i tillegg til at kostnadane auka svært sterkt. Også Råfisklova og minstepris-ordninga må ta skulda for dei store kostnadane, seier Talleraas.

Konkurs uheldig

På spørsmål om han meiner Norway Foods burde vore slått konkurs då selskapet kom i økonomisk uføre og selde fabrikkar og varemerker, svarer Talleraas at ein konkurs sjeldan fører noko godt med seg.

– *Så det var ikkje feil å gje Norway Foods monopol?*

– I ettertid er det lett å sjå at det var fleire alternativ. Eit alternativ er at dei verksemdene som gjekk inn i Norway Foods framleis kunne vore sjølvstendige, men gått saman i eit frivillig samarbeid. Men det er å vera etterpåkk, seier Anders Talleraas til FG.

Tilleggskvoter til trålerne

Fiskeridepartementet har bestemt at fartøy med torsketrållatelse kan fiske ytterligere 5.000 tonn sei nord for 62. graden, slik at de fra 28. september 1993 kan fiske innenfor en gruppekvote på 10.000 tonn. Maksimalkvoten pr. fartøy for torsketrålerna er økt til 1.700 tonn.

Videre er det bestemt at fartøy med industritrållatelse/nordsjøtillatelse fra 21. oktober kan fiske innenfor en gruppekvote på 1.000 tonn sei. Maksimalkvoten pr. fartøy for denne trålgruppen er økt til 400 tonn.

Fiske med notredskaper fortsetter uten kvantumsbegrensende tiltak, slik situasjonen har vært siden 29. september.

Norsk fiske på andre lands kvote

Fiskeridepartementet har endret forskriftene for fiske etter torsk og hyse med trål og konvensjonell redskap nord for 62. graden og gitt nærmere regler for norsk fiske på andre lands kvoter.

Slikt fiske må være godkjent av Fiskeridepartementet i samsvar med prosedyrer avtalt mellom Norge og vedkommende stat. I søknaden til Fiskeridirektoratet må kopi av avtalen om fiske på andre lands kvote framlegges, og det er nærmere spesifiserte krav til avtalens innhold. Fiskeridirektoratet kan stoppe norsk fiske på andre lands kvoter dersom vedkommende stats totalkvote er beregnet oppfisket.

– Marknadssvikt og råstoffmangel har skulda

– Ein del av disposisjonane våre kan nok vera gjenstand for eit kritisk søkelys, men marknadssvikt og råstoffmangel må ta størstedelen av skulda for den negative utviklinga, seier styreformann Jørn Krog i Norway Foods.

Jørn Krog har vore styreformann i Norway Foods dei siste tre åra og er med andre ord ansvarleg for at dei 55 tilsette på Fedje no er permittert. Men han trur ikkje dei vert lenge permitterte.

– Fabrikken kjem nok i drift att, men dei tilsette må rekna med at fabrikken kjem til å ta unna toppane i produksjonen, seier Krog.

– Stemmer det at Fedje-fabrikken produserer en boks sardinar billegast av alle fabrikkane?

– Det er fleire måter å rekna ut produksjonskostnadane på. Eg trur alle dei fire fabrikkane produserer like billeg, seier Krog.

Forsvarar «Bjellands»-sal

Krog er ikkje einig i at Norway Foods må ta kritikk for at dei selde Skottland-fabrikken til ein stor konkur-

rent og selde varemerket «Bjellands» til svenske Procordia.

– Nei, dette måtte gjerast for å betra den økonomiske stoda i selskapet, forklarar Krog.

– Noreg er eit høgkostland. Har de planar om å flagga ut produksjonen?

– Vi har i dag ingen planar om å flagga ut. Dette spørsmålet kan likevel verta aktuelt å diskutera om marknaden skulle tilsei det. Tollsatsar og andre ytre kriterier er då viktige moment, seier Krog.

– De vert skulda for å forlanga overpris for dei nedlagte fabrikkane, i tillegg forlanger de klausul om at det ikkje skal drivast sardin-produksjon av nye eigarar. Er de livredde for konkurranse?

– Først vil eg nekta for at fabrikkane er selde til overpris. Samanlikna med det bygninga og utstyret kostar nytt, er faktisk salsprisen rimeleg. Og årsaka til at vi ønskjer klausul i kontrakten om det ikkje skal produserast sardin-boksar, seier seg sjølv: Det er i dag ikkje marknad for fleire sardin-fabrikkar i Noreg, seier Krog.

Dieseldrevne VARMEAPPARATER Webasto for fiskebåter

Webasto-varmer i båten gir utvidet sesong og et helt nytt klima i kabinene. Webasto-anlegget sørger for kontinuerlig tilførsel av frisk, tørr varmluft. Overtrykket i kabinen driver fuktig, brukt luft ut, og romtermostaten gir jevn og behagelig varme. Du får tørt tøy og tørre køyklær. Du puster lettere og sover bedre.

Importør/forhandler i Oslo:
Kolberg, Caspary Maskin as.
Ensjøvn. 7. Tel: 22680820

Kontakt din forhandler:

FREDRIKSTAD: Ragnar Ringstad AS, tlf: 69314099
MOSS: Seatronic AS, tlf: 69250855
OSLO: Kolberg, Caspary Maskin AS, tlf: 22680820
DRAMMEN: Hans D. Neves Eftf. AS, tlf: 32819495
HORTEN: Tom's Båt og Billelektro, tlf: 33041491
TØNSBERG: DHS Elektro AS, tlf: 33311099
SANDEFJORD: Stub Båtservice AS, tlf: 33466685
ARENDAL: Tiko Maskin AS, tlf: 37016555
KRISTIANSAND: Sangvik Service, tlf: 38027888
FLEKKEFJORD: Service Senteret, tlf: 04323944

STAVANGER: L.S. Solland, tlf: 04890202
HAUGESUND: Vico & Co. AS, tlf: 04724011
SOTRA: Hauge Marineservice AS, tlf: 05331220
BERGEN: Bjordal & Madsen AS, tlf: 05901030
SOLUND: Starter og Dynamoservice, tlf: 05787955
FLORØ: Diesel og Industriservice, tlf: 05743535
MÅLØY: Måløy Verft AS, tlf: 05751966
ÅLESUND: J. Weiberg Gulliksen, tlf: 07137800
MOLDE: Kviltorp Båtservice AS, tlf: 07212289
KRISTIANSUND: Møre Båtservice AS, tlf: 07374311

TRONDHEIM: TEM Senteret, tlf: 07968411
NAMSOS: Båt og MC Service, tlf: 07771190
SANDNESSJØEN: Helgeland T.S. AS, tlf: 0864343
BODØ: Asbjørn Nilsen, tlf: 08127020
SVOLVÆR: Auto Marin AS, tlf: 08871266
HARSTAD: Madsen Bil og Båtelektro, tlf: 08286222
HARSTAD: Merkur Diesel AS, tlf: 08274665
TROMSØ: Jahre Motor Tromsø AS, tlf: 08310510
TROMSØ: Tornek AS, tlf: 08383928
HAMMERFEST: Båt og Billelektro, tlf: 08418585

Nye Nansen

I midten av oktober var Norad- og Havforskningsinstituttets nye stoltheit «F/F Dr. Fridtjof Nansen» innom Bergen. Nye Nansen er eit komplett forskingskip og set i romjula kursen for farvatna utanfor Namibia og Angola. F/F Dr. Fridtjof Nansen er utstyrt med det mest moderne forskingsutstyr og har kosta omlag 100 millionar kroner.

Den nye Nansen vart overlevert eigaren, Direktoratet for u-hjelp (Norad), 1. oktober. Det er Havforskningsinstituttet i Bergen som skal driva skipet. Nansen er bygd ved Flekkefjord Slipp og Maskinabrikk AS og er bygd på same prinsipp som Havforskningsinstituttets nyaste forskingskip, Johan Hjort.

Det nye forskingskipet skal i hovudsak driva ressursforskning i det sørlege Afrika og langs kystane i Mellom-Amerika og er utstyrt med det nyaste innan forskingsutstyr. I dette inngår også utstyr til forskning innan miljø- og naturforskning.

– Samanlikna med den gamle Nansen er dette som natt og dag. Her er betre utstyr, betre plass og betre bu- og arbeidstilhøve, seier avdelingsingeniør Ingvald Svellingen ved Havforskningsinstituttets avdeling for elektronisk instrumentering.

Ei ny teknisk løysing er installert på nye Nansen. Den har senkbar kjøll som inneber at båten kan ta reinare og betre registreringar under ellers dårlege tilhøve. Den har to tråltromlar, ein enkel og ein dobbel. Det gjer at båten kan gjera forsøk med alle ty-par trålsystem, både pelagiske trålingar og botntrålingar.

I haust skal F/F Dr. Fridtjof Nansen utprøvast i heimlege farvatn i Nordsjøen før den set kurs for Namibia i romjula. På ferda sørover skal båten innom ein del hamner for å visa fram båt og utstyr. Mannskapet tel 13 mann, medan det er plass til 32 personar ombord. Ein del av desse plassane vil verta okkupert av forskarar og studentar frå landa som Nansen skal driva forskning for.

Den gamle Dr. Fridtjof Nansen gjekk ut av aktiv teneste 1. juli etter 18 år og er no selt til eit irsk dykkarfirma. Båten skal framleis tråla i sine gamle farvatn langs kystane i det sørlege Afrika.

FG Olav Lekve

F/F Dr. Fridtjof Nansen

Lengde:	56,75 m.
Breidde:	12,5 m.
Største djupn:	7,9 m.
Bruttotonn:	1450 tonn
Hovedmotor:	2700 Hk Wichmann 6L28B
Hjelpemotor:	2 stk. Cummings

F/F Dr. Fridtjof Nansen vart overlevert 1. oktober og var innom heimehamna Bergen før turen går, via tokt i Nordsjøen, til Namibia i slutten av desember. (Foto: Dag Paulsen).



Gode resultater fra satellittforsøk

FORSØK



Fiskeridirektoratet har siden 1991 drevet forsøk med satellittkontroll av fiskeritårer som er regulert innen kvotekontrollsystemet (Regulering av fiske i norsk økonomisk sone). – Dette er bare en naturlig oppfølging av kvotekontrollsystemet som ble innført i Norge i 1977. Satellittovervåking er en del av den tekniske utviklingen og vi er svært fornøyd med gjennomføringen av forsøke- ne så langt, og vi har skaffet oss nødvendig kunnskap om nye teknikker, sier EDB-sjef Ove Davidsen i Fiskeri- direktoratet.

Det er blitt gjort ulike forsøk med henholdsvis ARGOS og INMARSAT C for å finne ut hvilke data man kan få inn fra fiskeritårer utstyrt med de ulike systemene. Bakgrunnen for disse forsøkene er den stadige utvik- lingen innen ny teknologi som også vil omfatte fisker- næringen. Flere land har drevet eksperimentering med satellittoverføring av aktivitetsdata fra fiskeritår- er. I det nordlige Stillehavet har på det meste 775 fartøyer vært utstyrt med satellittstyr siden 1990. Også Holland og New Zealand har drevet forsøk med satellittkontroll på frivillig basis.

I sommer ble seks frivillige båter (to trålere, to ring- notbåter og to garn/linebåter) utstyrt med ARGOS satellittstyr. ARGOS er et enveissystem som funge- rer uavhengig av posisjonssystemene ombord. Sat- ellitten kan selv, via signal fra senderen ombord i fartøyet, oppgi posisjon på fartøyet. Data fra satellitten går med forbindelse via Toulouse i Frankrike til Fis- keridirektoratet i Bergen. Det andre systemet, IN- MARSAT C, er et toveissystem som både kan sende og motta signal, men er avhengig av å stå i forbind- else med annet posisjonstyr ombord i fartøyet.

– Resultatene fra i sommer viser at vi ved hjelp av ARGOS-systemet kan finne ut om båtene har drevet fiskeaktivitet, såkalt tracking. ARGOS gir oss de ulike posisjonene på et fartøy opp til 28 ganger i døgnet i nordlige farvann. Det bildet de ulike plottene tegner gir oss god informasjon om hvilken aktivitet et fartøy har bedrevet, om det er i fiske eller i tran- sit, og ikke minst hvor det befinner seg, sier Ove Davidsen.

Pilotprosjekt

Fiskeridirektoratet er nå i ferd med å videreføre forsø- kene. EDB-avdelingen er allerede i gang med et pi- lotprosjekt og har utviklet et eget program som gjør fartøyer utstyrt med satellittstyr i stand til selv å overføre fangstrapporter via satellitt til en nasjonal database. Dette programmet, MONRAP, er et tilbud som fiskeritårer vil kunne benytte seg av for å opp- lyse om fangst og aktivitet. MONRAP kan brukes av alle båter utstyrt med ARGOS eller INMARSAT C. Programmet består av et eget kodesystem som gjør det mulig å sende alle opplysninger (posisjon, fangst,

fiskeslag, landingshavn) i en komprimert melding på i alt 32 tegn (bokstaver). Å bruke MONRAP koster bare en brøkdel av hva vanlige radiotelelesamband viser fram en satellittsender lik en av de som er i bruk på en av fiskerbåtene som er med i direk- toratets forsøk med satellitt- overvåking.

Fem forskjellige fiskeritårer har meldt seg som frivillige til å delta i forsøkene. – Disse forsøkene viser at Norge er i fremste rek- ke i Europa med utprøving av nye teknikker. Det er uhyre viktig for en kyststat som Norge å være med på denne utviklingen. Det gir også en kyststat å bli «tatt på sengen» i tillegg andre nasjoner som f. eks. EF innfører slike system i sine kvotekontrollom- råder. Dette gir oss en unik mulighet til å studere en ny og alternativ form for fangstrapport innenfor kvotekontrollsystemet. Men det er samtidig viktig å understreke at forsøkene vanskelig kunne blitt gjenn- omført uten fiskerisystemets medvirkning. Vi er der- for svært taknemlige overfor de fartøyene som er med på ordningen, sier Davidsen.

Ove Davidsen

Magre år for islandsk torskefiske

(Reykjavik) Islandske havforskarar har sett i glaskula si og det var ikkje oppløftande det dei såg. Torskebestanden rundt den islandske kysten er redusert kraftig dei siste åra og direktør Jakob Jakobsson ved det islandske Havforskningsinstituttet, Hafrø, seier det slik: – Vi vil få mange dårlege årgangar framover. Normalt torskefiske vil vi kanskje ikkje få før nærare tusenårskiftet. Det vil bety økonomisk krise på Island.

Islandingane må innfinna seg med at torskefisket ikkje er kva den ein gong var. Kvoten for denne sesongen er redusert til 165.000 tonn. På Island får kvar båt ein fast prosent av totalkvoten. Når kvotane går ned vil ein båt framleis ha same presenten av kvoten, medan mengda går ned.

Fiskets Gang møtte direktør Jakob Jakobsson ved Hafrø i september og spurde han om utsiktene for fiskerinæringa på Island, med spesiell vekt på dei dystre tala for torskefisket dei neste åra.

– Korleis er utsiktene for det islandske torskefisket dei næraste åra?

– Eg reknar med at det vil bli mange dårlege årgangar framover. Alle årgangar frå 1985 til og med 1992 er dårlege. Årets 0-gruppe er betre, men vi veit ikkje korleis den vil slå ut. Vi må vente minst

2–3 år før vi kan seia om 93-årsklassen kan danne grunnlag for auka torskefiske, og i så fall vil ikkje det skje før i 1997–98.

– Er torskekrise eit døme på mislukka ressursforvaltning?

– Det er mange faktorar som spelar inn, men torskefisket har vore drive for hardt. I tillegg har vi fått fleire dårlege årgangar og torsk er ein langlevande skapning som det tek tid å byggja opp att. Fiskerinæringa har kanskje ikkje alltid vore like flinke til å lytta på våre råd, men etter at torskestamma er blitt så redusert ser næringa at vi trass alt har rett og dermed aukar tilliten til oss. Det er eit faktum at næringa ikkje trudde på oss då vi sa at det ville koma fleire år på rad med dårlege årsklassar av torsk. I tillegg har vi ein stadig større og meir effektiv flåte. Avkastninga er for høg i forhold til kva fiskestammene tåler. Det er eit problem som Island har felles med fleire land. Hadde den islandske fiskeflåten vore like stor og like effektiv som i 1920-åra hadde det ikkje vore noko problem med for lite fisk i havet.

– Kva må til for å byggja opp att torskestamma?

– Situasjonen som Island er hamna i kan til ein viss grad samanliknast med situasjonen i Nord-Noreg på slutten av 80-talet. Islandske fiskarar er

Islandingane er kjende for å bu flott i store og rommelege hus. Spørsmålet er om trongare økonomiske tider kan få så store verknader at mange må flytte frå bustadene sine.



vant til å fiska 300.000 tonn torsk i året og fiskarane tykkjer det er hard kost å få redusert kvoten til omlag det halve. Men det er mogeleg at vi må kutta kvotane endå meir fordi vi veit ikkje om reduksjonen til 165.000 tonn er nok for å byggja opp att torskestamma. Eg kan visa til ein av tabellane som er utarbeidd her ved instituttet. Neste års kvote er basert på kor stor totalmengda av torsk er. Dersom vi fiskar 225.000 tonn både i 1994 og 95 vil totalmengda av torsk i alderen fem til ti år (fangststamme), som idag er rekna til 630.000 tonn, minka til under 500.000 tonn i 1996. Ved totalfangst på t. d. 200.000 tonn dei to neste åra vil den same torskestamma bli redusert til 560.000 tonn. Difor må vi leggja oss på ein kvote som gjer torskestamma i stand til å veksa. Ved totalfangst av 150.000 tonn dei to neste åra vil stamma stige moderat til 1996.



Jakob Jakobsson, direktør i Havforskningsinstituttet, Hafrø.

– Kan det dårlege torskefisket bli erstatta av fiske etter andre fiskeslag?

– Nei, det trur eg ikkje. Alle dei fiskeslag som vi kjenner i islandsk farvatn er alt utnytta maksimalt. Men det vert dreve forsøk med forskjellige nye artar, men det er marginalt kor stor betydning det vil få. Det blir gjort forsøk med fangst av kråkeballar og andre blautdyr og skjell. Det kan bli gjort prøvar med fiske på djupare vatn og det har det siste året vore fiska ein del orange roughy. Men det er små mengder, omlag 300 tonn dette året.

– Korleis vil den vanlege islending merka torskakrisa?

– Det blir naturlegvis økonomisk krise. Den generelle livskvaliteten vil bli verre for alle islendingar.

– Er du pessimist med tanke på framtida for fiskerierøringa på Island?

– Nei, eg er ikkje pessimist, eg er realist.

Verdens største fiskefôrfabrikk i Florø

Ewos Aqua A.S har besluttet å forta betydelige utvidelser av produksjonskapasiteten på fôrfabrikken i Florø. Fullt utbygd vil produksjonen kunne dobles fra 50.000 til 100.000 tonn fiskefôr pr. år. Dette vil gjøre Florøanlegget til verdens største fiskefôrabrikk.

Utvidelsen ved fabrikkene vil skje i to etapper. Første byggetrinn medfører en investering på 35 millioner kroner, og vil øke kapasiteten til 75.000 tonn fiskefôr pr. år.

– Vi starter byggearbeidet mot slutten av oktober, og første byggetrinn vil stå ferdig sommeren 1994, sier Ernst Strøm, fabrikkdirektør for Ewos Aqua i Florø.

Økt markedsandel

Bakgrunnen for utvidelsen er en stadig økende etterspørsel og en målsetning om å øke Ewos sin markedsandel. Ewos Aqua har de siste fem årene økt sin markedsandel fra 8 til 18 prosent.

Fabrikkdirektør Strøm legger vekt på at den nye produksjonsteknologien representerer det siste og mest moderne innen fôrproduksjon. Fabrikanlegget vil etter utvidelsen bestå av to atskilte produksjonsenheter. Dette vil gi økt sikkerhet og fleksibilitet, samtidig som man får en meget effektiv drift.

Kostnadseffektivt fiskefôr

– Vårt mål er alltid å produsere et høykvalitets fiskefôr, som gir rask vekst og lav fôrfaktor. Dermed kan våre kunder sikres lønnsomhet gjennom lavest mulig produksjonskostnader og laks av topp kvalitet. Kostnadseffektivitet er en forutsetning for den som skal lykkes i framtiden, sier Ernst Strøm.

FG

NR. 10
1993

Eige blad

(Reykjavik) Det islandske Fiskeridirektoratet har, som her, sitt eige tidskrift. Bladet heiter Sjavarmál (Sjaovarmál) og kjem ut ei gong i månaden. Opplaget er på 5.000, som er noko høgare enn Fiskets Gang. Redaktør er Stefán Fridriksson.


Det fyrste nummeret kom ut i juni i år og då nytta bladet høvet til å presentera staben i Fiskeridirektoratet, eller Fiskistofa Islands som det heiter på islandsk.

Av innhaldet i det fyrste bladet kan vi nemna eit fullstendig oversyn over det islandske Fiskeridirektoratet som er eitt år i haust. Bladet har reportasjestoff frå Danmark og ein større artikkel om kvalitets-samarbeidet mellom Island og Kanada. Vidare ein informativ artikkel om fisket frå båtar mindre enn 10 bruttotonn, på island kalla småbåtar og krokabåtar (mindre enn 6 tonn). Mange småbåtar på island kan fiska tilnærma fritt store deler av året.

Straks etter at bladet kom ut dukka eit problem opp. På grunn av sviktande annonseinntekter generelt mellom islandske aviser og tidskrift, meinte private utgjevarar at det statlege Sjavarmál burde greia seg på statlege midlar og ikkje «stjela» annonsørar frå dei etablerte.

– Vi såg poenget i dette og har slutta med annonser, seier fiskeridirektør Thórdur Asgeirsson.

Fyrstesida av det fyrste eksemplaret av Sjavarmál, Islands svar på Fiskets Gang.



– Vi er v



– Røynslene etter eitt års drift er klare: Det var rett å etablere Fi

(Reykjavik) I september kunne det islandske Fiskeridirektoratet feire eitt-årsjubileum. Det er bygt opp omlag på same måte som vårt eige. Fiskeridirektør er Thórdur Asgeirsson og han summerer opp det fyrste året slik: – Det har gått bra og vi er vel etablert som ein viktig del av den islandske fiskeriforvaltinga.

Her i Noreg er det ulike politiske krefter som arbeider for å redusera Fiskeridirektoratet, og jamvel leggja det ned. På Island er det politisk semje om at Fiskeridirektoratet alt det fyrste året har vore ein aktiv medspelar i fiskerinæringa og gjort sitt til ei meir effektiv forvaltning.

– Røynslene våre tilseier at det var rett å etablere Fiskeridirektoratet. Vi konstaterer at fiskeriforvaltinga er blitt betre og meir effektiv, ikkje minst på kvalitets-sida, meiner Thórdur Asgeirsson.

Mindre byråkrati

Kva meiner så «motparten», dei islandske fiskarane? Er dei nøgde med ein ny statleg organisasjon å forholde seg til?

– I store trekk er fiskarane nøgde. I starten var vi utsett for kritikk som gjekk på kva det kosta å etablere ein ny forvaltingsorganisasjon. Fiskarane såg på dette som endå meir offentlig inngripen og høgare kostnader. I tillegg er næringa misnøgde med at dei må betale for kvalitetskontrollane, noko som var gratis før. Mange andre heva røystene og meinte å etablere eit Fiskeridirektorat berre ville bli meir byråkrati. Faktum er at talet på offentlege tilsette innan fiskeriforvaltinga har gått ned etter at vi starta. Det er heller mindre byråkrati no, seier Thórdursson.

I etablert

Veg kvar einaste fisk

(Grindavik - Island) I kvar einaste fiskehamn fins ei vekt som all fisk skal oppå før fiskemottaket overtar. Hamnevekta er ein del av ressurskontrollen som det islandske Fiskeridirektoratet driv.


Hamnevekta står i direkte samband med Fiskeridirektoratets edb-avdeling i Reykjavik. Systemet gjer det svært vanskeleg å unndra seg kontroll.

– Hamnevekta vert drive av dei lokale styresmakterne på oppdrag frå oss. Mannskapet ved vekta registrerer og veg kvart fiskeslag som blir landa i ei hamn. Dei skriv inn namn på båten, registreringsnummer og eigar. Via modem sender dei opplysningane til oss og vi kan straks sjå på våre skjermar kor stor del av kvoten som båten har tatt. Kvar einaste båt i kvotesystemet må vega fangstane sine på hamnevekta, seier Thordur Asgeirsson, fiskeridirektør på Island.

Fisk blir landa i store kassar og køyrt direkte på vekta der den blir registrert. Deretter kan fiskeindustrien overta fangsten.

– Dette systemet er vi stolte av og gjev oss bortimot full kontroll med landing av fisk, seier Asgeirsson.

All fisk som vert landa i islandske fiskehamner må på vekta for å bli registrert. Her hamnevekta i Grindavik.




direktoratet, seier Fiskeridirektør Thórdur Asgeirsson.

Samarbeid

Det islandske Fiskeridirektoratet er inndelt i seks avdelingar og har totalt 60 tilsette. Det er fiskeriministeren som set totalkvotane for dei ulike fiskeslagene. Deretter fordeler direktoratet kvotane og i haust var det fyrste gong direktoratet hadde denne jobben. Direktoratet har kontor plass i huset til Det islandske fiskarlaget «Fiskifelag Islands» på hamna i Reykjavik og i nabohuset held Fiskeridepartementet og Havforskningsinstituttet til. Dette gjer at samarbeidet fungerer godt.

– Vi har eit godt samarbeid med fiskarlaget. Det er ein paraplyorganisasjon for fiskerinæringa på Island og vi samarbeider med laget når det gjeld utarbeiding av statistikk og kontroll med omsetnad av fisk i islandske og utanlandske hamner. Våre primæroppgaver er å fordela kvoter, gje fangstløyve og fylgja opp desse og vi krev inn avgifter som skal finansiera fiskeropsynet. Vi samkøyrer hamnevektene og driv kvalitetskontroll. Totalt er det 26 inspektørar plassert rundt om i landet, som samarbeider med våre sju sentrale ekspertar, seier Thórdursson.

Islendingane satsar på kvalitet og har innført egne kvalitetsreglar, basert delvis på EF, USA og Kanada sine kvalitetsreglar. Dei såkalla «Skodunarstofunar» (Kontrollkontor) er private kvalitetskontor som arbeider med kvalitetskontroll i fiskerindustrien. Dei opererer på vegne av direktoratet og er godkjent av det. Før Fiskeridirektoratet vart etablert var det like mange ulike kvalitetsreglar som det var Skodunarstofur, medan det no er eitt sett med reglar, utarbeidd av Fiskeridirektoratet. Det fins i alt åtte slike Skodunarstofur og arbeidet deira blir jamnleg kontrollert av Fiskeridirektoratet.



– Rein naud dreiv oss til Smuttholet

(Grindavik – Island) Både fiskeriminister Thorsteinn Pálsson og islandske trálreiðarar avviser at det er taktikk for å få kvotar i Barentshavet som er bakgrunnen for det islandske fisket i Smuttholet. – Det er rein naud som driv oss til Smuttholet, seier Gunnar Tòmasson, trálreiðar og fiskemottakeigar i Grindavik, sørvest på Island.

Gunnar Tòmasson driv saman med broren, Eiríkur Tòmasson, det kombinerte fiskebátreiðarlaget og fiskemottaket Thorbjörn H/F i Grindavik. Tòmasson seier det er det dårlege torskefisket rundt Island som driv islandske trálarar til Smuttholet.

– Det er rein naud som gjer at vi må fiska andre stader. Det er eit faktum at kvotane vert mindre, medan fisket ikkje minkar. Utsiktene er dårlege og vi merkar det ved at vi brukar meir og meir pengar på olje samstundes som det blir mindre og mindre fisk. Når vi såg at andre tok turen og fiska i Smuttholet og landa den her i landet, meinte vi at det var rett at vi også freista å kompensere for lite fisk her ved å fiska i Smuttholet. Difor valde vi å senda ein av trálarane våre dit, seier Gunnar Tòmasson.

Han meiner det vil vera lenge til det blir ei løysing på konflikten kring Smuttholet.

– Eg er sikker på at islandske trálarar vil halda fram fisket i det omstridde området og ikkje veit eg om denne saka let seg løysa politisk, i så fall blir det lenge til. Det finns så mange andre smutthol. Mellom anna opplever vi på Island at andre nasjonar ikkje er interesserte i å finna løysingar på våre smutthol.

Til dømes ved Reykjanesryggen. Ingen er interesserte i å gjera avtalar med oss i dette området. I tillegg har vi vanskar med Grønland om delelinja. Skal det bli ei løysing på alle desse konfliktane krev det at kyststatane står saman og vi vonar Noreg vil stå saman med oss. Vårt krav er at det må inngåast internasjonale avtalar om internasjonale havområde slik som Smuttholet, men det tyder ikkje at kyststatane åleine skal avgjerda kven som får fiske i desse områda, meiner Tòmasson.

– Vi ventar

Grindavik er ei typisk fiskerihavn på Island: Alt dreier seg om fisk. Kva kan bygdefolket gjera når det blir krise i fisket?

– Framtida blir vanskeleg. Å fiska torsk er sjølve grunnpilaren, men når den svihtar kan vi ikkje berre auka fisket etter andre artar. Det er kanskje mogeleg å fiska meir uer og reker, medan kveitestamma er på veg nedover. Vi lever av fisk og må difor sitja og venta på at torskestamma skal ta seg opp att, seier Tòmasson.

Arbeidsløysa har vore eit lita omtala begrep på Island dei seinare åra. Men no ligg arbeidsløysa i Grindavik jamnt på fem prosent året rundt. Det er også blitt vanskelegare for ungdommen å finna songarbeid om sommaren og hausten fordi råstofftilgangen er for liten.

– Haust er sildetid på Island og Grindavik har tradi-

Rein naud dreiv oss til Smuttholet, seier trálreiðar Gunnar Tòmasson i Grindavik.



sjonelt vore den nest største kommunen i sildesaltinnga om hausten, men no løner det seg ikkje lenger. Omlag 2/3 av markanden fall bort med Sovjets fall. Av 15 selskap på Island som dreiv innan sild er no berre 3-4 av betydning igjen, seier Tómasson.

dag. Kort sagt; turisme kan bli vår «redningsplanke», meiner Gunnar Tómasson.

FG Olav Lekve

Redningsplanke

Grindavik ligg 45 kilometer sør-vest for hovudstaden Reykjavik og berre 14 kilometer frå Islands einaste internasjonale lufthamn – Keflavik. Det meiner Gunnar Tómasson kan slå ut til Grindaviks fordel når det skal satsast på andre næringar.

– No når vi opplever krise innan fiskerinæringa kan vi berre slå fast at vi har levd for flott og brukt for mykje pengar. Vi må derfor endre levestett. Vi må byrja å selja andre ting enn fiskeprodukt. I så måte er vi grindvikingar kanskje heldigare enn mange andre stader langs kysten. Vårt trumfkort må bli «Den blå laguna». Den helsebringande varmekjelda ligg i Grindavik kommune og vert stadig meir brukt av turistar og pasientar med hudproblem. Mellom anna er det påvist at det sovelhaldige vatnet i Den blå laguna hjelper mot psoriasis. Det er no planar om store utvidingar i form av hotell og restaurantar, eigen kurstad m.m. Det er blitt ein turiststrøm til laguna og det har vore opptil 2.000 turistar der på ein

Thòrbjörn H/F er ikkje av dei største fiskeriverksemdene på Island. Selskapet vert dreve av brødrene Gunnar og Eirikur Tómasson. Selskapet vart stifta 24. november 1953. Tómas Thorvaldsson, far til Gunnar og Eirikur, var selskapets fyrste direktør. Thòrbjörn H/F driv fiske-mottak, salting og foredling av hummar. Selskapet har omlag 100 tilsette og ei utvikling dei siste åra er at mange av arbeidsoppgåvene som tidlegare vart gjort på land no er vert gjort ombord på båtane.

Thòrbjörn H/F driv tre båtar, to trålarar og ein snurpar. Flåten er forholdsvis ny og moderne utstyrt. Den eine trålarer er frysetrålar.

Selskapet driv også eigen maskinverkstad, snekkarverkstad og notbøteri.

Rekordlave priser på oppdrettslaks

Rykelaks til 80 kroner kiloen og laksekoteletter til 40 kroner kiloen. Lakseprisene raser nedover. Forbrukerne blir vinnerne, mens oppdretterne sitter igjen med svarteper. Våger næringen seg inn på en ny innfrysingsordning?

For få måneder siden jublet oppdretterne over stadig friskere fisk, bedre vekst og høyere kvalitet. Alle spådde at næringen ville få et kjempeoverskudd i år. Summer som en halv til en milliard ble ne vnt. Men jublet oppdretterne for tidlig?

Med et rekordlavt svinn og stadig raskere vekst, har utbudet av laks blitt så stort at prisene raser nedover og har nådd et bunnivå. Mange oppdrettere blir tilbudt priser under produksjonskostnad. Prisene må snarest mulig stige for å unngå å knekke oppdrettsnæringen. Men hvordan skal prisene økes?

Sulting og fôringsstopp

I første omgang ble oppdretterne enige om å sulte laksen tre uker før slakting, i tillegg til å innføre fôringsstopp på laks over tre kilo. Kommende dager og uker vil vise om disse tiltakene er nok for å redusere tilbudet og øke prisene.

For om lag et halvt år siden innførte Norske Fiskeoppdretteres Forening slaktestopp for å få opp prisene fra det foreningen mente var et for lavt nivå. Og prisene steg. Blir det snart en ny slaktestopp, eller slakteutsettelse, som oppdretterne rettet NFF til å kalle det?)

Nei! Hverken generell innfrysning eller slaktestopp er ak tuelt. Innfrysning på kontrakt mellom oppdretter og oppkjøper er greit, men en slakteutsettelse betyr bare at vi skyver problemene foran oss, sier NFF-leder Åge Midtun, som håper fôringsstoppen som er innført for fisk over tre kilo skal være tilstrekkelig til å øke prisene.

FG Ronny Bertelsen

FG

NR. 10
1993

Botn snart nådd?

(Grindavík – Island) Torskekrisa på Island skapar ein negativ spiral. Alle blir råka og det eine dreg det andre med seg nedover. – No må vel botnen snart vera nådd, spør Hafsteinn Sæmundsson i Grindavík.



Hafsteinn Sæmundsson ser med uro på framtida. – Dei neste åra blir harde, meiner han.

Sæmundsson driv den heller vesle foredlingsverksemda «Gullvík» H/F i Grindavík. I tillegg eig han ein liten fiskebåt på 6 tonn, på Island kalla «kròkabátur». Båten kjem inn under det kvotefrie systemet på Island og Hafsteinn Sæmundsson er på sjøen omlag ni månader i året. Men politiske signal tyder på at også desse «krokabåtane» frå neste år skal innlemmast i kvotesystemet.



– Vi dreiv mykje større før og vi eigde eit fartøy på 150 tonn. Den måtte vi selja for to år sidan. Den store båten sikra oss råvarer, medan vi no må kjøpa fisken frå andre båtar, seier Hafsteinn Sæmundsson.

Saltfisk og russartorsk

Då Fiskets Gang stikk hovudet inn døra i Gullvík H/F er det salting av torsk for eksport til Frankrike. Torsken er fiska på line i islandske farvatn, men også den islandske fiskeindustrien kjøper no russartorsk.

– Vi kjøpte 40 tonn russartorsk i haust. Det var fyrste gongen det er kjøpt torsk frå russiske trålarar på Island. I tillegg til oss kjøpte naboverksemda Thørbjörn H/F 40 tonn, medan 40 tonn gjekk til Akranes. For oss er saltfisk hovudområdet, men eg tykkjer utsiktene ser dårlege ut. Det blir mindre og mindre fisk og det vil råka alle islendingar, ikkje berre oss som lever direkte av fisket, meiner Sæmundsson.

I tillegg til saltfisk driv Gullvík H/F med foredling av hummar og innfrysing av sild og lodde.

– Det kan ikkje kompensera for det dårlege torskefisket. Hummaren krev mykje arbeid og i tillegg har det vore eit prisras på hummar dei siste to åra. Sildefisket er heller ikkje så stort. Nei, det blir vanskeleg framover, seier Sæmundsson.

Tøffe år

Hafsteinn Sæmundsson meiner islendingane må innfinna seg med ein del tøffe år framover.

– Vi må vel snart nå botn, men eg fryktar nedgang i ytterlegare to–tre år. Mange verksemdar vil gå konkurs i den perioden fordi bankane er ute og køyrer, og dermed vil det bli verre for alle som frå før har banklån å slita med, meiner Sæmundsson.

Gullvík H/F kan greia seg. Verksemda er lita og familieeigd. I tillegg er det meste leigd bort til selskapet Visir H/F. Men kanskje det viktigaste oppi alt elendet: Islendingane er eit folkeferd som aldri har lete seg knekka av noko som helst. Ikkje av nordmenn, ikkje av danskar, ikkje av svartedauden, ikkje av hungersnaud, ikkje av britar og heller ikkje av voldsomme naturkatastrofar. Så kvifor knekkjast av ei ny krise?

FG Olav Lekve

I sving med salting av torsk for marknaden i Frankrike.

– Kontrollen må styrkes

– Fiskerikontrollen både på land og til vanns må prioriteres, proklamerer lederen for den nye næringskomitéen på Stortinget, Svein Ludvigsen, over Fiskets Gang.

Det var en smilende Svein Ludvigsen som møtte FG like etter det konstituerende møtet i Næringskomitéen den 19. oktober. Og han skulle all grunn til å smile. Næringskomitéen blir en av de aller «tyngste» komitéene på Stortinget.

Også «subsidiekomité»

Næringskomitéen er slått sammen av den tidligere Sjøfarts- og fiskerikomitéen, Landbrukskomitéen og Industrikomitéen. Alt som smaker av næringsproblemer skal behandles i denne komitéen, som flere ynder å kalle «subsidiekomitéen». Både fiskeri, landbruk og verftsindustrien får store overføringer fra Staten. Pengesekken Ludvigsen nå er sjef for er altså ikke ubetydelig.

Men med en så stor komité, melder spørsmålet om den nye komitéen kanskje er blitt så tung at en eller flere av næringene kommer til å drukne. Mange innen tradisjonelt næringsliv, som reiseliv og handel, frykter at det blir svært vanskelig for dem å nå fram i så stor komité.

Allroundere

– Alle næringene skal få mye oppmerksomhet, og ingen skal druknes hos oss, lover Svein Ludvigsen.

Ludvigsen vil også prøve å hindre at det blir dannet fraksjoner i komitéen som vil særlig ta seg av ett næringsområde. Selv har Ludvigsen en fortid som fiskeripolitisk talsmann for Høyre. Nå må han utvide horisonten til å bli næringspolitisk talsmann.

– Fiskeri står mitt hjerte nært, men jeg vil bli en næringsallrounder. For meg vil alt næringsliv være like viktig. Og det håper jeg blir tilfelle også for de andre komité-medlemene, sier Ludvigsen.



Svein Ludvigsen er leder for den nye Næringskomitéen på Stortinget.

Resten av komitéen

Med seg i komitéen får Ludvigsen følgende 15 personer:

Syver Berge (Sp), bonde, Peter Angelsen (Sp), fiskebåtreder, Unn Aarrestad (Sp), bonde, William Engseth (A), offiser, Ulf Johan Guttormsen (A), mekaniker, Gunnar Halvorsen (A), elektroinstallatør, Sigrun Eng (A), blomsterdekoratør, Astrid Nistad (A), regnskapsfører, Inger Lise Husøy (A), info.konsulent, Einar Olav Skogholt (A), rådmann, Dag C. Weberg (H), bonde, Kristin Krohn Devold (H), siviløkonom, Lars Gunnar Lie (KrF), lektor, Reidar Johannesen (Sv), lærer og Øystein Hedstrøm (FrP), tannlege.

– Norsk laks skal inn igjen på USA-markedet

– Det er langt igjen før vi eksporterer 13 000 tonn norsk laks til USA, men ved aktiv markedsføring i noen år, skal vi klare å nærme oss dette tallet, sier Peter Gati, Eksportutvalgets mann i USA.

I dag er det i realiteten bare Skaarfish som er inne på USA-markedet, siden det bare er dette selskapet som har krevd en såkalt «administrativ review». For de andre eksportørene er straffetoll-satsene så høye at USA-markedet er uinteressant. Mens Skaarfish snart har fått tollsatsen ned på 2,12 prosent, sliter flere eksportører med tollsatser på mer enn 30 prosent.

Med den lave tollsatsen Skaarfish nå har, klarer selskapet å eksportere om lag 5 000 tonn norsk laks til USA. Dette er et stykke unna de 13 000 tonnene Norge eksporterte til USA i toppårene mot slutten av -80-tallet.

Skal bruke en halv million

Eksportutvalget for fisk sin USA-representant, Peter Gati, opplyser overfor Fiskets Gang at planene er klare for en markedsføringskampanje der det skal brukes om lag en halv million kroner på å reintrodusere norsk laks i USA.

– Varemerket «Norwegian Salmon» betyr laks av høy kvalitet for amerikanerne. Derfor skiller en del restauranter med at de har norsk laks på menyen, selv om laksen ikke er norsk. Dette har vi ikke gjort noe med fordi amerikanerne ikke skal glemme dette varemerket. Men nå skal vi forsikre oss om at laksen

som blir påstått å være norsk, virkelig er norsk, sier Gati.

Siden den norske laksen er et hakk dyrere enn all annen laks på USA-markedet, blinker Gati markedsføringskampanjen først og fremst inn mot restaurantbransjen. Men prisene på norsk laks er ikke avskrekkende høye i USA.

Svært lave priser

– Dagens laksepriser i USA er lavere enn på lenge. Amerikanerne er svært pårisbevisste, og de sammenligner alle priser med prisene på fjærkre, som er svært lave. De betaler godt under 30 kroner kiloen for kylling, mens kiloprisen på norsk laks har vært over 100 kroner. Nå ligger kiloprisene på laks fra Chile, som er inne med svært mye og billig laks, bare noen kroner høyere enn kylling, mens prisen på norsk laks ligger på om lag 50–60 kroner, opplyser Gati.

Et annet verdifullt trekk ved økt eksport til USA, er at den ferske laksen som et lokomotiv trekker med seg foredelte produkter som bl.a. røykt laks og laksekoteletter.

– USA-markedet er stort, men vanskelig. Det skal mye til for å selge mer enn 10 000 tonn norsk laks til USA, men nå er vi inne og der skal vi bli, sier Gati optimistisk.

FG Ronny Bertelsen

Dispensasjon fra rekestopp

På bakgrunn av den vanskelige råstoffsituasjonen for Vadsø Reke- og Fiskeindustri A/S, finner Fiskeridepartementet å kunne gi dispensasjon fra bestemmelsen om stopp i utenlandske landinger av røreker til pilling. Dispensasjonen gjelder leveranser av reker fra to russiske trålere bedriften har langsiktige kontrakter med. Dispensasjonen oppheves når norske rekefangster av en størrelse som sikrer produksjonen, igjen kan leveres ved bedriften.

Selvfinansierende føringsordninger

Fiskeridepartementet ber Norges Fiskarlag i samarbeid med salgslagene utføre et forberedende arbeid omkring selvfinansierende føringsordninger. Fiskeridepartementet vil om nødvendig komme inn i arbeidet på et senere tidspunkt. Departementet viser til at staten og fiskarlaget i forbindelse med årets fiskeriavtale var enige om å arbeide videre med denne saken. Tilskuddet til føringsordninger i årets fiskeriavtale er 29 millioner kroner. I tillegg er det bevilget seks millioner ekstra til føring over avtalens reservebeløp.

Lodda i Barentshavet – ned for teljing

Av

Harald Gjørseter, Bjarte Bogstad og Sigbjørn Mehl,
Havforskningsinstituttet

Berre åtte år etter forrige samanbrot i loddebestanden, og berre tre år etter at bestanden hadde vakse seg så stor at vi kunne opne fisket att, står vi no midt i eit nytt samanbrot. Kva har skjedd? Kven har skulda? Kva vil skje?

Det årlege norsk-russiske loddetoktet er nyleg avslutta, og resultatata var heller nedslåande, sjølv om dei slett ikkje var uventa. Totalbestanden var redusert frå 5.2 millionar tonn hausten 1992 til 0.8 millionar tonn no. Av dette var berre om lag 330 000 tonn modnande fisk. Eitt-åringane, dvs 1992-årsklassen, er den svakaste årsklassen vi har målt på dette stadiet, sidan vi starta desse undersøkingane i 1973. Som om ikkje det var nok, viser årets yngelundersøkingar at også 1993-årsklassen ser ut til å verte svært svak.

Kva skuldast så den sterke nedgangen? Ved å måle reduksjonen i antal av ein årsklasse frå år til år, får vi eit mål for kor stor dødsraten er. For dei yngste aldersgruppene vil dette vere naturleg dødsrate, sidan dei ikkje vert fiska på. Ser vi på dødsraten frå alder ein til to år, har denne auka frå under 20% i perioden 1988-1991, til 50% i 1991-92, og heile 85% i 1992-93. Dette er ein like høg dødsrate som vi målte i perioden 1984-1986, då bestanden braut saman sist.

I det heile er både storleiken, alderssamansetnaden, og dødsratane hausten 1993 svært lik dei vi hadde i 1985. Figur 1 syner bestandsutviklinga for lodde-, ungsild-, og torskebestanden i Barentshavet etter 1973. Loddebestanden heldt seg relativt stabil i perioden fram til 1980. I denne perioden hadde vi ikkje sild i Barentshavet, medan torskebestanden var stor i byrjinga, men avtok sterkt fram mot 1982. Dødsraten på lodde var stabil i denne perioden, og rekrutteringa var god. I 1983 endra tilhøva seg monaleg i Barentshavet. Vi fekk ein auke i innstrauminga av Atlanterhavsvatn, og dette førte til god rekruttering av torsk og sild. Lodderekrutteringa slo feil både i 1984 og 1985, samstundes med at dødsraten på den eldre fisken auka sterkt. Dette førte til at loddebestanden braut saman. Fram mot slutten av 80-åra gjekk dødsraten på lodda sterkt attende, og rekrutteringa var god, trass i små gytebestandar. Loddebestanden tok seg difor snøgt opp att, og nådde nivået frå 70-åra alt i 1990.


Kven har skulda?

Etter det vi no veit, skuldast samanbrotet i 80-åra ein kombinasjon av rekrutteringsvikt (på grunn av silda), auka naturleg dødsrate (på grunn av torsken) og i nokon grad fisket (hausten 1985 og vinteren 1986). Når bestanden av lodde no på nytt bryt saman, kven har skulda denne gongen? Er det torsken, silda, fiskaren eller forskaren? Denne gongen kan vi frikjenne både fiskaren og forskaren. Grunnen til at vi kan seie sikkert at fisket denne gongen ikkje har skulda for nedgangen, er at vi har observert store yngelmengder om sommaren også dei to siste åra. Vi fann t.d. like mykje yngel i juni 1992 som vi fann i juni 1989, og 1989-årsklassen vart ein av dei sterkaste vi har hatt. Silda og torsken kan likevel ikkje frikjennast. Det er grunn til å tru at dei same mekanismane som var verksame i midten av 80-åra også denne gongen styrer utviklinga. Om det er mengda av torskelyngel eller sildeyngel som er mest avgjerande for om lodderekrutteringa skal slå feil er uvisst. Men vi hadde ein periode i 70-åra med store torskårsklassar og samstundes gode loddeårsklassar. Då hadde vi ikkje sild i Barentshavet.

Det er likevel ein del viktige skilnader mellom situasjonen i Barentshavet no og for åtte år sidan. Av figur 1 framgår det at mengda av torsk mest har dobla seg sidan byrjinga av 80-åra, og bestanden av ungsild er også om lag dobbelt så stor. Medan vi i 1985-1986 berre hadde ein stor sildeårsklasse (1983), har vi denne gongen tre gode årsklassar inne. Difor vil ikkje Barentshavet verta tømd for sild i 1994, slik det vart i 1986, då 1983 årsklassen vandra ut. vi har på nytt fått ein periode med gode sildeårsklassar.

Kva vil skje?

Sidan både 1992 og 1993-årsklassane er svært svake, vil bestanden av lodde vere på eit lågmål i det minste i 2-3 år frametter. Utsiktene til god lodderekruttering er dårleg også i dei komande åra, fordi det, sjølv om det ikkje skulle verte rekruttert fleire gode sildeårsklassar, vil vere mykje ungsild i Barentshavet også i dei komande 2-3 åra. Torskebestanden er i auke, og vil difor trenge stadig meir mat. Figur 2 syner torsken sitt konsum av ulike byttedyr i perioden 1984-1992, og indikerer trongen for mat i åra frametter, om kvar torsk skal ete like myk-




je som i 1992. Bortfallet av lodde som mat for torsk vil føre til at torskens dels vil endre matvanane sine, dels svelte. Som det framgår av figur 2, det amfipodar som tok lodda sin plass som torske-

mat i 1987-89. Denne gongen er det grunn til å tru at silda vil verte det viktigaste næringsemnet for torsk nei næraste åra. Om dette er nok til å kompensere for tapet av lodda, eller om veksten vil verta mykje redusert, slik han vart i 1987-89, står att å sjå.

Det er no teikn til at perioden med god rekruttering til torske- og silde-bestanden går mot slutten. Loddebestanden vil overleve som ein liten bestand, men med god individuell vekst. Og når den siste gode sildeårsklassen forlet Barentshavet, vil lodda slå til på nytt, slik ho gjorde i 1986-90.

Når kan så fisket ta til att? Det som er sikkert er at den neste loddeårsklassen som kan gje grunnlag for eit fiske, enno ikkje er fødd. Det viktige no er å spare på det vesle som er att av bestanden, slik at han kan produsere maksimalt med yngel det året overlevingstilhøva betrar seg att. Vil ein ha eit loddefiske av noko særleg omfang, må ein truleg nytte høvet når det byr seg, og så finne seg i magre år innimellom.

Vi er no vitne til eit gigantisk drama i Barentshavet. Eit drama vi kan observere, og i nokon grad forutsjå gangen i, men i liten grad påverke. Vi lærte mykje av den førre perioden med store omveltingar i Barentshavet, og vil vil utan tvil lære mykje også denne gongen. Denne lærdomen vil gjere oss flinkare til å varsle på førehand når nye omveltingar kan ventast.



Ressurskontroll og sikkerhet på sjøen

Regjeringen foreslår et budsjett for Fiskeridepartementet for 1994 med 1 533 millioner kroner i utgifter og 361 millioner i inntekter. Utgiftssiden innebærer en realnedgang på 3,9 prosent. Da er bl.a. en eventuell støtte gjennom Fiskerivtalen mellom staten og Norges Fiskarlag ikke regnet med.

Det overordnede mål for Regjeringens fiskeripolitikk er å skape en bærekraftig og lønnsom fiskerinæring. Vern av ressursene i havet er grunnleggende i denne sammenheng. Derfor foreslås økte bevilgninger for å styrke kontrollen med ressursuttaket.

– Regjeringen foreslår 5 millioner kroner i nye midler til skjerpet kontroll med ressursuttak fra havet. Omdisponeringer vil framskaffe ytterligere 3 millioner kroner ekstra til kontrolltiltak i 1994.

Det overordnede mål for kystforvaltningen er å sikre ferdselen på sjøen og fremme en ressursmessig og økonomisk konkurransedyktig sjøtransport. Sikker navigasjon er et viktig innsatsområde for Fiskeridepartementet og det foreslås styrket i 1994.

– Området sikker navigasjon styrkes ved omdisponeringer med 5 millioner kroner, bl.a. med prosjektering av en trafikkentral i Oslofjorden.

– Styrket kontroll er et vesentlig bidrag for å sikre ressursgrunnlaget og skape en lønnsom fiskerinæring, og sterkere satsing på sikker navigasjon er en nødvendig følge av trafikkutviklingen til sjøs, sier fiskeriminister Jan Henry T. Olsen.

Sterkere ressurskontroll

I tillegg til de 5 nye millioner kronene som avsettes til styrket ressurskontroll, framkommer ytterligere 3 ekstra millioner kroner ved omprioriteringer på Fiskeridirektoratets budsjett. Det betyr av kontrollen er styrket med tilsammen 13 millioner kroner på de to siste års fiskeribudsjett. Fiskeridirektoratet vil dessuten overføre flere årsverk til ressurskontroll.

Forskning og utvikling

Bevilgning til forskning og utvikling foreslås økt med 8,7 prosent, men økningen skyldes at oppdragsinntekter og -utgifter ved Havforskningsinstituttet og Ernæringsinstituttet er innarbeidet i budsjettet. Ser vi bort fra oppdragsforskningen reduseres bevilgningen til forskning- og utvikling med 7,7 prosent.

- Norges Forskningsråd 152 millioner kroner.
- Havforskningsinstituttet 231 millioner kroner. Av dette er 60 millioner kroner oppdragsforskning.
- Norsk Institutt for Fiskeri- og Havforskning 16 millioner kroner.

- Fiskeridirektoratets Ernæringsinstitutt 11,4 millioner kroner.

